

FITJAR KYRKJEBLAD



- er berarar av, skulle framover i hundreåra setje konkrete rammer for korleis folk -

NR 3 - JUNI 2024
ÅRGANG 47



DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no
<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontakt oss:

Kyrkjevevjerje

Harald Rydland 913 47 802
hary@fitjar.kommune.no

Kantor:

Jan Overweg 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Olav J. Oma 906 38 825
olaoma@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Elisabeth S. Oma 452 74 335
eson@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488
kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Anne Marie Røed 924 66 405

Leiar diakoninemnd:

Annbjörg Stjern Tvedt 470 18 264

Bakken barnehage:

Serina Sørfonn 902 27 978
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805
VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsidedfoto: Tom Rydland

Redaksjonelt



Feira fortid - forma framtid!

Frå maktsamfunn til rettsamfunn
- Kristenretten 1000 år

Det var den fine overskrifta som Moster 2024 hadde sett over jubiléet som vart avslutta med gudsteneste 2. juni. Her deltok kyrkjelyden på Fitjar i kinosalen saman med kyrkjefolket på Moster, og det var ei flott oppleving.

Olav J. Oma



Gjennom året har Moster 2024 på ulike måtar fått formidla noko av det store som hende då kristenretten vart sett på Moster for 1000 år sidan. Året 1024 markerte faktisk ein overgang frå å vera eit maktsamfunn til å bli eit rettsamfunn!

Dette at alle menneske er skapte av Gud var med å leggja grunnlaget for tanken om mennesket sin verdi, heilt uavhengig av rikdom og makt.

Mellom anna vart det slutt på at barn vart sette ut i skogen for å dø. Om alle var skapte i Guds bilete, korleis kunne ein då halda seg med træl/slavar? Lova sa at kvart år skulle ein træl setjast fri, og i løpet av 150 år var det slutt på å halda træl! Om kyrkjegardar, alle skulle gravleggast på kyrkjegarden. Ikkje som før, då den rike vart lagt i haug, og den fattige senka i myra. Ei ny tid kom.

Desse reglane vart inkorporerte i Magnus Lagabøte si Landslov frå 1274, og har vore med å påverka måten vi har handla med og tenkt om kvarandre like til i dag.

I månadsskifte mai/juni var kronprinsen og kronprinsessa, representantar frå Storting og regjering, frå fylke og kommunar, frå heile kyrkjelandskapet lokalt og nasjonalt og representantar for den verdsvide kyrkja til stades på Moster for å feira kristenretten som kom for lenge sidan, men som framleis er med og formar korleis vi er og skal vera med kvarandre.

Det vakre framsidebilete, der leiar av Norges kristne råd, Erhard Hermansen, står saman med den katolsk biskopen, Erik Varden, og vår eigen biskop, Ragnhild Jepsen, er eit bilete som peikar på at vi høyrer saman, på tvers av kyrkjer og med folk av alle nasjonar.

Vi er skapte i Guds bilete.

Mannskoret leverte igjen:

Strålande Lina Sandell-kveld i Fitjar kyrkje

Det var ein stor og forventningsfull folkeskare som fylte Fitjar kyrkje den siste temakvelden i vår. Og me som var der, fekk vel meir enn det me bad om. For ein vakker og oppbyggjelig kveld! Tittelen var «Bred dina vida vingar». Og under dei gode vengene var me verkeleg!

T: Herman I. Aadland

F: Terje Koløen

Osternes Mannskor hadde sett saman eit variert knippe av Lina Sandell sine vakre songar og salmar. Desse vart framførde på beste vis. Svein Tørnquist stod for utsøkte arrangement. Nokre av desse var a capella, med og utan solistar. Andre med glitrande orkesterakkompagnement. Orkesteret bestod av Svein Tørnquist, piano, Helge Haaland, bass, Ane Agdestein, fløyte og Ole Chr. Ottestad, saksofon. Svært dugande alle saman!

Og dei gongene Ole Chr. var i orkesteret, stod Benedicte Meyer fram som

ein dyktig og dynamisk kordirigent. Ho hadde også eit velforma og opplysende foredrag om Lina Sandell. Dette gav både gammal og ny informasjon om den varme diktaren. Eit skikkeleg clou denne kvelden var at alle songane kom opp på veggen, og dei var gjerne ikledde vakre illustrasjonar. Alt var så førebudd og gjennomtenkt.

Tilhørarskaren fekk syngja med på ein del av dei mest kjende songane. Då viste det seg at det var eit hav av oppdemd songarglede og songarkraft samla i kyrkja. Du verda kor vakkert og sterkt det let. Her var det godt det me fekk ta i munnen vår!

Songsolistar denne kvelden var Gurid Refvik, Tom Rydland og Martin Hatlevik. Gurid kler Mannskoret



særs godt. Det har me opplevd mange gonger før, men samspelet blir jo berre betre og betre med år og alder. Og Tom og Martin leverer alltid stødig, varmt og nært.

Benedicte fortalde at Lina Sandell var ei skarpskodd, intellektuell kvinne. Men ho hadde veik helse og opplevde ufattelge mange tap og sorger gjennom livet. Ho miste likevel aldri motet. Ho var oppteken av åndelege og eksistensielle spørsmål livet gjennom. I 1853 gav ho ut diktsamlinga «Andliga vårblommar», og ikkje lenge

etterpå kom «Andliga doggdroppar». Ho hadde gjennom heile livet ein vakker evne til å leggja livet trøystefullt i Guds hender. Ho vart tidleg i livet fråteken både far og mor og ei søster. Men det gode dei stod for, fann ho att i Gud og trua på han. Ho skreiv frimodig både om modervengen og Guds morshjarta.

Det lyder alltid eit fulltonande evangelium i Fitjar kyrkje. Men denne kvelden bogna det!

Tusen takk til alle dykk som gav oss dette!



Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 13. sept. til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 24. sept. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Olav J. Oma (red.)
- Herman Inge Aadland
- Roald Drønen
- Karvel Strømme
- Rolf-Atle Rolfnes
- Marie Willemse

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet

Jubileumsgudsteneste i Fitjar

Rundt 200 store og små var samla då soknerådet inviterte til markering av kristenretten i Fitjar kultur og idrettsbygg søndag 2. juni.

Tom Rydland

Dei fram møtte fekk kjenne på fellesskapen og samhaldet ved å følge gudstenesta frå Moster på nært hald på kinolerret. Gudstenesta var svært godt arrangert, og vår kjære biskop var klår og sentral i budskapet.

Mange var kan hende nysgjerrige på den annonserte matinéen, der det frivillige arbeidet i soknet vart presentert, ramma inn av flotte kulturelle innslag.

Fitjar vidaregåande skule, Spar Fitjar og mange frivillige ordna med fantastisk servering av grillmat og kakebord. Det vert sagt at det beste i livet er gratis, og ut frå tilbakemeldingar i etterkant ser det ut til å stemme.





Fitjar kammerkor



Fitjar Gospel



Temakvelder hausten 2024



26.september

Svein Arne Theodorsen
Humor i kyrkja



31.oktober

Gunnar Kartveit
*Forbruk eller takksemd?
Tankar kring klima, forbruk og rettferd*

28.november

Koret Stemmer med dirigent Tore Kloster
Adventskonsert



Temakveldgruppa/soknerådet



Bak frå venstre: Joakim Knapstad Bakke, Odin Hatlevik, Magnus Vestbøstad, Gustav Ahrens Helland, William André Hatlevik Helland, Markus Gravdal, Sebastian Olsen, Jon Fitjar Hjelle, Ola Fitjar Hjelle, Markus Halhjem Bergesen.

Midten frå venstre: Emma Fitjar Hjelle, Mailene Helland, Olava Devik, Henriette Tufteland Lundal, Michelle Skår-Nilsen, Kamilla Koløen-Hansen, Robin Skumsnes Skålevik, Jonas Dalen, Kjetil Andreas Gloppen

Framme frå venstre: Eldrid Fitjar, Malene Voll Waage, Emma Martine Maraas Rekve, Klara Olsen Aadland, Venita Noreide Helland, Amilie Helland, Iselin Hillestad, Marie Meinel Bergesen

På stol framme: Olav J. Oma og Randi L. Matre.



Kjære konfirmantar! Tusen takk for ei fin konfirmasjonstid saman med dykk. Me synest det har vore veldig kjekt å bli litt kjende med dykk. Håpar du hadde ei fin tid som konfirmant, og at du hadde ein flott konfirmasjonsdag. Me ynskjer dykk alt godt og Guds velsigning for framtida.

For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukke tankar. Eg vil gje dykk framtid og von. Jer. 29,11

Gode helsingar frå Olav og Randi

Foto: Jon Arvid Skumsnes, kunstivest.no



Ein herleg time ved Kinnavatnet

2. pinsedag vart det, tradisjonen tru, feira generasjons-gudsteneste ved gapahuken rett nord for Kinnavatnet. Og for ei stund det vart! Vår skapar og Herre hadde «lagt godt i omnen», og sola hans lyste opp den store katedralen så det var ei rein lyst. Og varm og ljøs vart gudstenesta òg. Omlag 130 små og store hadde møtt fram, så halla nord for gapahuken minna om eit farge-rikt fuglefjell.

Herman I. Aadland

Gudstenesta vart leia av Roald Drønen og Randi Lønning Matre, eit makelaust samkøyrte radarpar. Harald Rydland sitt orgelspel sytte for at salmesongen overdøyvde eit godt knippe galande gaukar som òg ville ha eit ord med i laget.

Tema for dagen var dei vakre og sterke fylgjene av pinse. Den heilage Ande kom ikkje åleine til jorda. Han hadde med seg mange gode frukter. Teksten handla om det sterke synet Peter fekk om å parkera mange av jødedommen sine gamle og strenge matskikkar. Det som er reint for Gud, skal ikkje vera ureint for oss heller. Men det aller viktigaste var den sterke overtvinginga Peter fekk om at Guds frelse heretter gjeld alle i heile verda! Frelsa gjeld ikkje lenger berre eit lite folk og eit lite landområde. Og for å illustrera dette hadde Randi teke med seg det aller første ski-paret sitt. Roald undrast på kva ho ville med dette. Jo ho hadde høyrte at nordmenn vert fødte med ski på beina. Og ho spurde om Roald var det. Det kunne



han ikkje hugsa fordi han var så liten den gongen. Men seinare hadde han vore med på fire fødselar. Der såg han ingen ski, men fødslane var meir enn tøffe nok for det.

Me skal ikkje vera sære og setja stengsler omkring oss sjølve og mot andre. Alle menneske er skapte i Guds bilete og har same verdi. Og Guds Ande er send til heile verda for å forkynna og openberra at Jesus er heile verda sin frelsar. Anden er levande. Han er stadig verksam. Og det er eine og åleine på grunn av han at me denne dagen var samla til gudsteneste i fjellet! Dei to understreka også at kyrkja ikkje først og fremst er eit hus, men ho er folket som samlast til takk og tilbeding i tru. I dag var Fitjar kyrkje rett og slett i fjellet. Og det kjende me sanneleg, for her var det godt å vera!

Etter gudstenesta løyste ei glad og takksam forsamling seg opp i mindre faktorar. Nokon gjekk rakt heimover, medan andre gjorde heimvegen litt eller mykje lengre. Tusen takk for ei fin stund og godt fellesskap!



Diakonitur til Utstein kloster

Då diakoninemnda la ut at det skulle vera tur til Utstein Kloster 13. juni, tok det to dagar før bussen var full!

Olav J. Oma

Kring 55 deltakarar fekk gle seg over å koma til Klosteret på Mosterøy. Her fekk vi høyra den fascinerande historia om kongar og munkar, om blomar og Flora-boka som vart teikna her for fleire hundre år sida. Fint og å koma i den gamle kyrkja, kjenna at vi er på heilag grunn, men og å sjå den utrulege restaureringa som vart gjort i siste del av 1900-tallet.

Vi åt middag på Utstein hotell før vi reiste heimover. På vegen stansa vi i Aksdal kyrkje, ei flott kyrkje frå 1995. Presten kunne fortelja om den aktive kvardagskyrkja,

om flyktning- og diakoniarbeid, kyrkjemiddagar, om klatrevegg og bruktbuikk i kyrkja.

Det var berre glade ansikt å sjå då vi kom heim til Fitjar ein time etter planen.

Stor takk til nemnda og sponsorane Fitjar Kraftlag og Sparebanken Vest.



Kyrkjekoret får ny dirigent

Fitjar kyrkjekor vart starta opp att hausten 2015, kort tid etter at Jan Overweg var på plass som kantor i Fitjar sokn. Gjennom dei snart ni åra som no har gått, har koret vore til stor glede for kyrkjelyden og bygda. Koret har sunge på gudstester, møte, konsertar og andre tilstellingar, og eit par gonger kvart semester på institusjonane våre. Alt dette har vorte godt motteke.

Herman I. Aadland

Nokre av koristane har vore med heile vegen, medan andre har kome og gått. Den siste tida har det gått litt tråare, og dirigent og korstyre har tenkt på korleis ein kan få inn ny vitalitet. Då Jan Overweg

opplevde Benedicte Meyer som dirigent for Osternes Mannskor då dei nyleg framførde sitt flotte Lina Sandell-program i Fitjar kyrkje, vart han så begeistra av det han såg og hørde at han tok kontakt med henne for å spørja om ho kunne tenkja seg å vera hovuddirigent for kyrkjekoret. Det har ho sagt ja til. I første omgang gjeld dette for eitt år. Benedicte er ein drivande flink og inspirerande dirigent og musikkpedagog. Og koret ser fram til ny og frisk vitamininnsprøyting frå henne. For all del: Jan har gjort ein kjempejobb, og kormedlemene er veldig glade i han! Han blir heller ikkje borte. Han vil vera fast akkompagnatør og støtte for koret.

Og han kan også til tider trø til som songar i koret. Gode mannsstemmer er ekstra etterspurde. Dei veks ikkje nett på tre. Dei trea er i alle fall rimeleg samvitsfullt plukka her hos oss.

No håpar både Jan og songarane på at kyrkjekoret kan få ein ny giv, og at både tidlegare og nye songarar kan finna plassen sin i eit kor som verkeleg bør ha soleklar livsrett i songarbygda Fitjar! Kyrkja har jo, når alt kjem til alt, dei beste og mest meiningsfulle songane. Og miljøet i koret er veldig sosialt og godt. God sommar til alle! Og fram for ein inspirerande og oppmuntrande songarhaust!

||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND

Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as

ELON fagmøbler

Duo

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: 9-16

Ons-tor: 9-18

Laurdag: 10-14

Tlf. 53 49 79 72

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS

Kjærelvvegen 55

5419 Fitjar

www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå

Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS

Postboks 11, 5418 FITJAR

Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinne
lag

Fitjar
Bygdekvinne
lag

Ledig annonseplass



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:

53 22 26 20 / 414 28 038

E-post:

post@krakogjestetun.no



OPNINGSTIDER

Mån, tirs, fre: 9-16

Ons, tors: 9-18

Laur (kun drop-in): 10-13

Treff oss 1 2. etg

i Larsen bygget

For timebestilling ring:

53 49 78 90

*Fiks frisyren
hos oss!*



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar

90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no

Telefon: 91 82 41 58



Engesund

Fiskeoppdrett

Visningsenter

Mobilnr: 951 89950



Bakken
Fitjar Soknerådsbarnehage

Kontaktinfo:

Serina Sørfohn

902 27 978

Ledig annonseplass



Interflora

Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

www.interflora.no

Blomster - Gaver - Gravsteiner

it **TVEIT**
*Faglig tyngde og
godt humør*

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



FITJAR
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



KVERNENES
BÅTBYGGERI

Kalveid 27, 5419 Fitjar
Tlf: 940 39 639 - baatbygg@kvernenesbaat.no

VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



FOTTERAPEUT
med diabetes forjupning

Liv Heidi Kolbeinsvik

Ring meg på 970 47 907

Klinikk i 3. et. i Larsenbygget - Fitjarsjøen 18



Videoen
Kiosk



Engevik &
Tislevoll a.s
MESTERHUS

Telefon:
53 45 73 00
E-post:
post@engevik-tislevoll.no

VERDIG GRAVFERD

Vakttelefon: 91 80 00 40



AUT. ELEKTROENTREPRENØR - 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

progreen
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar
www.progreen.as

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700



DANIEL TISLAVOLL

post@oyabygg.no

456 67 418

Ledig annonseplass

Slekters gang

Døypete:

05.05.
Hanna Sandvik Standal

19.05.
Hanne Rydland

09.06.
Ariel Sophie Volden Svendsen Alayee

16.06.
Trøiel Føyen Aarland

Vigde:

22.06.
Målfrid Hallaråker og
Arne Martin Tjelmeland
Malene Myhre Vaage og
Håvard Olsen (i Kråko)

Jordfeste:

Rosa Maria Sandvik
f. 04.11.1958 - d. 10.05.2024

Solveig Asbjørg Helland
f. 24.12.1934 - d. 14.05.2024

Kurt Helland
f. 13.03.1951 - d. 12.05.2024

Jørgine Tufteland
f. 07.03.1928 - d. 27.05.2024

Ingeborg Brekke
f. 18.09.1931 - d. 09.06.2024



Menneskje eg møtte

Leif Skår

*Takk for smil på min livsveg du gav.
Det var som eit solstreif ein skoddefull dag.
Takk for stunder då saman vi rødde,
eller til dei som eg berre møtte.*

*Takk for stunder i alvor og gaman,
og for den tid som vi hadde saman.
Mange er borte av dei som eg kjende,
men i takksemnd eg minnst kvar ven og frende.*

*Men mest av alt so vil Gud eg takka,
når no siste fase av livet lakka.*

*Takka deg Gud for di vernande hand,
som du har halde over folk og land.*

*Vi snakkar ofte om kor fort åra går,
men brukar vi rett den tida vi får?
For sant er det sagt at mot det evige livet,
er no dette berre som eit lite pust i sivet.*

Gudstenester

Dato	Kl.slett	Kyrkjeår/merknad	Prest	Takkoffer formål
30.06.	kl.11:00	Aposteldagen	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
07.07.	kl.11:00	7.s. i treeiningstida	Jørgen Knudsen	Kirkens SOS
14.07.	kl.11:00	8.s. i treeiningstida	Sissel Fylkesnes Våge	Kyrkjelydsarbeidet
21.07.	kl.11:00	9.s. i treeiningstida	Ingvild Prestbø	KRIK
28.07.	kl.11:00	10.s. i treeiningstida	Svein Arne Theodorsen	Kyrkjelydsarbeidet
04.08.	kl.11:00	11.s. i treeiningstida	Sven Harald Nilsen	Det teologiske Menighetsfakultetet
11.08.	kl.11:00	12.s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt
18.08.	kl.11:00	13.s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Den norske Israelmisjonen
25.08.	kl.11:00	Vingardssundag	Olav J. Oma	
01.09.	kl.11:00	15.s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
		Håkonarhelg gudsteneste Moahagen		
08.09.	kl.11:00	16.s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Søndagsskulearbeidet i Fitjar
		Søndagsskulen sin dag generasjonsgudsteneste		
15.09.	kl.11:00	17.s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Ungdomsarbeidet
		Presentasjonsgudsteneste		
22.09.	kl.11:00	18.s. i treeiningstida	Vikar	NLA høgskulen
29.09.	kl.11:00	19.s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
		Generasjonsgudsteneste med 4 årsbok		